
Saksnr: 2020/45667-31
Saksbehandlar: Frank Dahll
Dato: 21.10.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesdirektøren I

Spørsmål fra Kontrollutvalet – sak 56/2021- forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Fylkesdirektøren viser til at det er sett fram følgjande spørsmål frå representanten Klaus Iversen (V) i sak 56/2021:

«Området «innkjøp» er gult risikonivå i VLFK iflg. revisor. Dette er eit krevjande og komplisert område med store konsekvensar om ein trår feil. Dette har vore handsama i ei samansmeltingstid for fylkeskommunen. Det vert kravd høg kompetanse å handsame slike saker. Er VLFK no godt nok «skodd» kompetanse- og mannskapsmessig til å handsame innkjøp på ein god måte ? Står det framleis noko å ynskje for å bli betre her ? Kunne kommunedirektøren gje ei «løypemelding» til KU om korleis det står til på dette område til neste møte i KU ?»

Svar på spørsmålet i saka:

Fylkesdirektøren er samd med spørsmålsstillaren i at innkjøpsfeltet er eit krevjande og komplisert felt som kan få store konsekvensar i og med at fylkeskommunen er ein stor innkjøpar innanfor mange felt. Det har over lang tid vore høg merksemd på å etterleve lov og føresegn på innkjøpsfeltet, både av omsyn til konsekvensane av feilsteg, men ikkje minst for at fylkeskommunen skal vere ein aktiv innkjøpar. Fylkeskommunen er som nemnt ein stor aktør og ved å vere aktiv sikrar ein god konkurranse innan ulike felt slik at ein oppnår best mogelege vilkår for innkjøpa.

I Vestland fylkeskommune har den sentrale innkjøpsseksjonen 17 tilsette som gjennomfører anskaffingar og gjev innkjøpsfagleg bistand til andre einingar i fylkeskommunen. Innkjøpsseksjonen er sentral tilretteleggjar for å få på plass felles innkjøpsrutinar, malar, innkjøpsstrategi og innkjøpsrelaterte IKT-system for alle einingar i fylkeskommunen. Dette omfattar einingar med store innkjøp som Bybanen utbygging, Eigedomsavdelinga, avdeling for Infrastruktur og veg og kollektivtrafikkeininga Skyss.

Avdelingane Eigedom, Opplæring og kompetanse og Infrastruktur og veg har eigne innkjøparar som arbeider med anskaffingar innanfor eige kjerneområde. I samband med den pågåande organisasjonsgjennomgangen vert det vurdert om det er tenleg å samle fleire innkjøpsressursar i innkjøpsseksjonen for å sikre eit meir robust sentralt kompetansemiljø. Ein vurderer også å tilpasse arbeidsprosessane for å effektivisere og spisse bruken av innkjøpskompetansen. Samla sett vurderer likevel fylkesdirektøren at fylkeskommunen har eit høgt kompetansenivå når det gjeld å gjennomføra anskaffingar innan dei ulike fagområda i verksemda.

Slik fylkesdirektøren ser det, er den største utfordringa med innkjøpsarbeidet å ha tilstrekkeleg kapasitet til å følgje opp nye krav til samfunnsansvar, miljø, innovasjon, personvern, løns- og arbeidsvilkår m.v. hos dei aktuelle leverandørane. Arbeidsomfanget er her relativt omfattande og det vert opplevd som krevjande å setje av nok tid til dette arbeidet når vi samstundes skal gjennomføra eit aukande tal anskaffingar.